

Notat

Dato: 04.11.2019
Saksnr: 2019/69-1
Saksbehandlar: Bekka Skaasheim

Til: Hovudutval for opplæring og kompetanse
Administrasjonsutvalet

Frå: Bjørn Lyngedal, påtroppande fylkesdirektør for opplæring og kompetanse

Oppfølging av PSU-sak 38/19 om organisering av yrkesopplæringa

Partssamansett utval gjorde i møte 02. september 2019, sak 38/2019 følgjande vedtak:

Ber om at administrasjonen tydeleggjer organiseringa av yrkesopplæring i Vestland fylkeskommune og ansvarsfordelinga mellom ulike leiarar. Vi ber om at NHO og LO vert kalla inn til eit dialogmøte om tema og organisering/ansvarsfordeling.

Den **30.09.2019** var det eit dialogmøte mellom VHO, LO og fylkesdirektøren.

Til stades var NHO v/Tom Knudsen, LO v/Roger Pilskog og Nils P. Støyva, fylkesdirektør Bekka Skaasheim, teamleiar Sissel Brusegård og medlem av arbeidsutvalet i fagopplæringsnemnda Sogn og Fjordane Henrik Oppen.

LO og NHO viste til brev til prosjektleiar Rune Haugsdal, der det vert stilt spørsmål om ansvar og organisering av opplæring i bedrift i Vestland fylkeskommune. Fylkesdirektøren orienterte om organiseringa i opplæring og kompetanseavdelinga i Vestland fylkeskommune.

Partane er opptekne av at det må gå tydeleg fram av organisasjonskartet korleis ansvar og oppgåver for fagopplæring vert teke hand om. Assisterande fylkesdirektør for opplæring og kompetanse i den nye fylkeskommunen, skal ha eit overordna fagopplæringsansvar i Vestland fylkeskommune.

Den nye yrkesopplæringsnemnda vil få ei meir detaljert beskriving av oppgåver og ansvar for fagopplæring i sektoren.

Oppsummering og konklusjon

Dialogen, som oppfølging av vedtaket i partssamansett utval, stettar NHO og LO sitt behov for synleggjering av fagopplæring i organisasjonen.

I organisasjonskartet for opplæring og kompetanse skal det kome fram at assisterande fylkesdirektør skal ha eit særleg fagopplæringsansvar.